

## PROSJEKTBESKRIVELSE «KLEPPEVIK-KONSERTAR»

Johannes Kleppevik var fødd i Sund kommune. Han var sjømann, oljearbeidar og visekunstnar. Han var fødd i 1947 men døydde dverre alt for tidleg. I 2001 sovna han stille inn på hybelen sin i Bergen.

Johannes ville fylt 70 år 10.oktober i år om han hadde fått leva. Gjennom fleire konsertar og prosjekt vil fleire av oss minnast han og musikken hans gjennom 2017. Ingen kunne beskrive kystkulturen, landskapet, arbeidet, slitet, generasjonane, draumane, utferdstrangen og heimlengselen slik som Johannes Kleppevik. Kunsten hans er verd å leva. Vi vil setje fokuset att på kystkulturen. All kultur må komme i rampelyset og bli sett på dagsordenen frå tid til annan om den ikkje skal gå i gløymeboka. I vår moderne mediatid hugsar vi alt som blir vist på TV og går på radio. Det får fokus. Det andre må ivaretakast til ei kvar tid på sine måtar. Eldsjeler må alltid til for slikt arbeid.

Gjennom 1,5 time vil vi minnast Johannes sitt liv og hans songar. Det er kora Spleis frå Masfjorden (dirigent til vanleg er Kjersti Wiik) og Måltrastena frå Meland (dirigent Kristine Fluge) som har sett i gang prosjektet og fått arrangert songar av Johannes, m.a. av Frank Kvinge frå Masfjorden. Kristine Fluge mfl. har også stått for korarrangement. Kora slår seg saman til eit stort kor på om lag 40 medlemmer. Med seg på framsyningane på Seim og på Risnes 22. og 23.4.2017 har dei Kjersti Wiik som solist. Ho har jobba med, og hatt mange konsertar, med Johannes sine songar i mange år både her heime og m.a. på Gran Canaria. Kristine Fluge er også solist og dirigent. Vi har også med oss Marie Golten Pettersen som er kusina til Johannes Kleppevik. Ho vaks opp Saman med han og kan meir enn nokon andre tolka hans dikt, fortelja om livet i Kleppevika, om oldefar og hans sko m.m. Om ikkje vi lukkast å få Johannes si eldste dotter Sigrid Marte som konferansier blir det Maria Golten Pettersen som står for det. I alle høve vil Johannes sine born og kone Doris bli invitert til konsertane.

Så har vi eit fantastisk 3 manns orkester med. Bjørn Breilid har jobba med Johannes som bassist i alle år og har medvirka på alle platene hans. Haakon Aase spelte også med Johannes. M.a. var dei på turne i USA Saman. Haakon trakterer trekkspelet og Melands eminente pianist Oddmund Solheim spelar piano. Harald Norheim står for lyd- og lysproduksjon.

Slike prosjekt kostar. Vi viser til vedlagde budsjett. Folk frå ulike kommunar deltek så vi håpar at ein ser dette som et løft for heile kystkulturarven vår. Vi vonar at kommunen/organisasjonen vil vera med å støtte prosjektet vårt for å ivareta kystkultur og det gode minnet om Johannes Kleppevik si diktning og tonesetjing.

(Dette er del 1 av et stort prosjekt. Del 2 vert festkonsert i Sund kommune, Panorama hotell i høve åremålsdagen til hausten. Kora er også invitert med då, Saman med m.a. Sund blandakor og stort orkester og fleire solistar.)